



Tenestestandard for brøyting og strøing

Kva er ein tenestestandard?

Ein tenestestandard skal skildre omfanget av og innhaldet i ei teneste. Standarden skal seie noko om føremålet med tenesta, målgrupper og vilkår for tildeling av tenesta. Den skal også seie noko om kva mottakar kan forvente av tenesta og kva verksemda forventar av mottakarane.

Føremål

Brøyting og strøing skal ivareta trafikktryggleik og sikre farbar veg for alle

Lovgrunnlag

[Veglova](#)

Målgruppe – kven kan få tenesta?

Alle som ferdast på det kommunale vegnettet og kommunale institusjonar

Innhaldet i tenesta

I vintersesongen er det i alt 6 bilar og traktorar til disposisjon. Arbeidet er fordelt på 4 brøyteområde og 3 område for strøing. Kommunen bruker både egne tilsette og innleigde sjåførar.

Kvalitetsmål

Brøyting og strøing skal gjennomførast så snart som mogleg når værforholda tilseier det.

Kva kan du forvente av oss?

Følgjande kriterie ligg til grunn for prioritering av strekningar:

1. Vegar der det går kollektivtrafikk, parkeringsplassar i tilknytning til kollektivsystemet og Frekhaug senter
2. Parkering for helsetenester, G/S for skulevegar, fortau langs Havnevegen frå Frekhaug kai til busshaldeplass og hovudvegar i bustadfelt
3. Stikkvegar i bustadfelt og vegar i grisgrendte strøk

Brøyting og strøing vert satt i gang etter ei fagleg vurdering.

Utgangspunktet for brøyting er snøfall på 8-10 cm. evt. tidlegare.

Ved snøfall om natta skal vegar med høg prioritet ha som mål å vere gjennombrøya til kl.0700 på yrkesdagar og kl. 08:00 på helgedagar. Ved større snøfall vil brøyting ta lengre tid.

Dei høgst prioriterte vegane (pkt. 1 og 2) vert brøya og/eller strødd etter ei fagleg vurdering av behov og standard heile døgnet, medan brøyting og strøing på resten av vegnettet i størst mulig grad vert søkt utført på dagtid og elles når snømengden er over 8-10 cm. Brøyting kan også starte på lågare snømengder når dette er fornuftig totaløkonomisk (for eksempel før omslag til regn, våt snø osv.). Det kan også vere aktuelt å strø før værømslag for å unngå is i vegbanen.

Versjon 29.02.2016

Forventningar vi har til deg

Bilar må ikkje parkerast i vegen slik at dei er til hinder for brøytebilar. Brøytemannskap har ordre om å ikkje "presse seg fram" i vegar der parkerte køyretøy fører til at det kan oppstå skader. I slike tilfelle vil vegane ikkje bli brøya/strødd.

Bosspann må takast inn snarast mogleg etter tømning slik at dei ikkje er til hinder for brøyting og strøing.

Den enkelte grunneigar har sjølv ansvar for å strø og måke sin avkøyrsel, og fjerne evt. brøytekantar i avkøyrsele etter den kommunale vegen er brøya.

Nokre stader er det plassert ut strøkassar, kommunen oppfordrar til at desse vert brukt. Langs det kommunale vegnettet er det kommunen som har ansvar for å fylle desse etter behov.

Vegnettet må ikkje brukast som akebakkar da det lett kan oppstå farlege situasjonar.

Pris

Brøyting og strøing er ein del av det generelle tenestetilbodet til kommunen utan ekstra kostnader for innbyggjarane.

Praktiske opplysningar

Spørsmål om brøyting og strøing kan meldast inn til resepsjonen på dagtid (kl 08:00 – 15:30) på tlf 56 17 10 00, eller på teknisk vakttelefon utanom arbeidstid, mobil 90 09 26 43.